

	<p>Aukra kommune Ordføraren</p>	<p>Arkivsak: 2012/1098-71 Arkiv: Saksbeh: Bernhard Riksfjord Dato: 20.02.2017</p>
--	---	---

Saksframlegg

Utv.saknr.:	Utval:	Møtedato:
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Lønns- og arbeidsvilkår for tilsette på skip i norske farvann.

Tilråding:

Aukra kommunestyre ber regjeringa sette i gang eit arbeid med å utgreie muligheten for å stille krav om norske lønns-og arbeidsvilkår for tilsette på skip i norske farvann.

Særutskrift:

Bakgrunn:

Dei norske sjømannsorganisasjonane er opptatt av å kunne ha lønns- og arbeidsforhold i norske farvann for sine sjøfolk, for eksempel innan oppdrag på norsk sokkel. Aukra kommune har saman med mange andre aktuelle kommunar vorte kontakta om å kunne sette denne saka på dagsorden i dei aktuelle kommunane som dette angår mest. Det må derfor kunne være mulig å bu i norske kommunar, og i tillegg jobbe om bord på skip som omtala. Det er ønskeleg og viktig at dei som jobbar på desse skipa i norske farvann skal ha norske lønns- og arbeidsvilkår. For alle andre som jobbar på land er dette ein selvfølge. I Aukra kommune er det i 2016 busett 119 sjøfolk. Mange av dei kan stå i fare for å miste jobben, og kunne bli erstatta av billigare utanlandsk arbeidskraft. I så fall vil konsekvensane bli stor, både for dei som vert ramma, for den maritime industrien og samfunnet elles.

Utgreiing:

Med utgangspunkt i sjøfolks erfaring og kunnskap gjennom generasjonar, har den maritime næringa i Noreg bygd seg sterk og konkurransedyktig. Om lag 110 000 personar arbeider i maritim næring i Noreg i dag, og det skapast verdiar for om lag 180 milliardar kroner årleg. Det er i overkant av 30 000 norske sjøfolk, ein stor andel av desse jobbar på offshorefartøy.

Administrative konsekvensar:

Ingen.

Økonomiske konsekvensar:

Det kan få økonomiske betydning dersom sysselsette sjøfolk busett i kommunane for eksempel i Aukra, må konkurrere med eit internasjonalt lønns og arbeidsnivå. Då har ein ikkje lenger ei lønn å leve av i Noreg. Konsekvensane kan bli at dei må gå på land. Kommunen misser viktige arbeidsplassar og skatteinntekter. Samtidig som sjøfartsnasjonen Noreg går glipp av verdifull kompetanse.

Bernhard Riksfjord
Ordfører